



## Statens vegvesen

Sogn og Fjordane fylkeskommune  
Askedalen 2  
6863 LEIKANGER

Behandlande eining:  
Region vest

Sakshandsamar/telefon:  
Kathrine Njåstad Blaaflat /  
97469276

Vår referanse:  
18/203161-5

Dykkar referanse:

Vår dato:  
20.12.2018

### **Oversending av klage på avslag til avkøyrslø – Fv. 393 – Gnr. 75 bnr. 10 – Fjaler kommune**

Stian Røstenskar Strand har klaga på avslag han fekk angående etablering av ny avkøyrslø frå fv. 393 til gnr. 75 bnr. 10 i Fjaler kommune. Søknad om etablering av ny avkøyrslø ble motteke 13.09.2018. Avslag ble gitt 07.11.2018, etter synfaring på staden 23.10.2018.

Dokumenta i saka ligg vedlagt.

Stian Røstenskar Strand søkte om ny avkøyrslø med bakgrunn i at eksisterande avkøyrslø har ein innkøyringsvinkel frå begge sider som sinkar farta og gjer at ein må rygge ut att i fylkesvegen om vinteren. Bakken opp til huset er ganske bratt. Det er vist til at dei uansett køyrer til hjørnet av den nye, skisserte avkøyrslø for å hente posten, og at dei då snur bilen og vil få ein fin vinkel opp på tunet. I tillegg vil avkøyrslø gjerast så brei at ein får tilstrekkeleg vinkel inn i veggen frå begge retningar, for å gjere avkøyrslø så trygg som mogleg.

Det er gitt avslag til ny avkøyrslø slik den er skissert i søknaden. Samstundes er andre plasseringar av avkøyrslø vurdert, utan at vi kom fram til noko betre løysing. I ny avkøyrslø ville det ha blitt kortare sikt i den retninga det er sannsynleg at dei køyrande på fylkesvegen har høgst fart, og sikta ville ikkje blitt i samsvar med krava. Eit anna forhold som vi ser på som negativt, er at ny avkøyrslø ville blitt liggande rett ved sidan av ei anna avkøyrslø. Området ville derfor blitt enda meir utflytande, og fv. 393 ville blitt mindre tydeleg. I avslaget heiter det at «Slik vi ser det, vil ny avkøyrslø med tanke på sikt vere ei mindre god avkøyrslø heile året medan eksisterande avkøyrslø vil vere mindre god hovudsakleg berre når det er glatt». For ei meir utfyllande forklaring kring desse vurderingane, sjå avslagsbrevet som ligg ved.

Postadresse  
Statens vegvesen  
Region vest  
Postboks 43  
6863 LEIKANGER

Telefon: 22 07 30 00  
firmapost-vest@vegvesen.no  
Org.nr: 971032081

Kontoradresse  
Askedalen 4  
6863 LEIKANGER

Fakturaadresse  
Statens vegvesen  
Regnskap  
Postboks 702  
9815 Vadsø

Klaga er grunngeven med at det er kome fram nye faktorar som gjer den eksisterande avkøyrsla lite eigna i forhold til køyreforholda. Søkjar viser til at høg regnføring og dårleg ver skapar problem også på sommarhalvåret. Samstundes renn det vatn frå avkøyrsla direkte ut i fv. 393, både sommar og vinter. Ny tilkomstveg vil halvere stigningsgraden i forhold til eksisterande, som er på om lag 20%. Den nye avkøyrsla vil skape betre tilkomst til hus og tun, samt at den vil bli bygd etter dagens standard med helling frå vegskulder og ned i kum. Fartsgrensa er 80 km/t, men den reelle farta er lågare. Strand vil påstå at maksimal fart på vegen er ein plass mellom 45 og 55 km/t, og at siktsona då vil kunne bli ein del mindre. Strand har vore i samtale med nabo, som har sagt seg villig til å flytte og gjere enkle endringar på sin eigedom for å betre siktsona i ny avkøyrsla. I tillegg er det vurdert å plassere avkøyrsla lenger nord i forhold til skisse, slik at siktsona mot Steiestøl vert 70,7 m og 92,5 mot fv. 57, sjå bilete i klagebrev.

Med bakgrunn i klaga har vi gått gjennom saka og vurdert ho på nytt. Omsøkt avkøyrsla kan truleg utformast delvis i tråd med gjeldane krav til ny avkøyrsla, men vil framleis ikkje kunne stette krava til sikt. Vi har ikkje fartsmålingar frå staden, men har i vurderinga teke omsyn til at fartsnivået truleg er noko lågare enn 80 km/t. I utgangspunktet skal sikt vurderast ut frå fartsgrense. Kravet til stoppsikt på side- og atkomstvegar med fartsgrense 80 km/t er 100 meter. Sikta vil slik vi ser framleis ikkje bli god nok, og vil krevje vesentlege terrengingrep for å bli det. På skisse i klagen der avkøyrsla er flytta noko lenger nord, er det ved innmåling av siktsone ikkje teke omsyn til kravet om at sikta skal målast frå fire meter inn i avkøyrsla. I tillegg er siktsona målt utanfor fylkesvegen og ikkje der sjåføren er plassert når han køyrer på fylkesvegen. Som nemnt i avslagsbrev kan ein kome opp i 60 meters sikt i retning Steiestøl når ein står i vegkanten der omsøkt avkøyrsla er ønskt plassert. Skal ein fire meter inn i avkøyrsla, vil sikta bli vesentleg korta ned på grunn fv. 393 sitt sideterreng og mur på naboeigedom. I retning frå Steiestøl er det slak nedoverbakke, noko som krev noko lenger stopptid for køyrande som køyrer nedover.

Ny avkøyrsla som skissert både i opphavleg søknad og i klagen vil slik vi ser det ikkje gjere forholda tryggare i forhold til eksisterande avkøyrsla, då sikta vil verte vesentleg kortare i retning Steiestøl.

Vi kan ikkje sjå at det har kome fram nye moment i klagen, som ikkje allereie er vurdert i saka. Statens vegvesen ved vegavdeling Sogn og Fjordane finn det difor rett å oppretthalda vedtaket av 27.01.2017 og oversender klagen til Fylkesutvalet for handsaming.

Med helsing

Torun Emma Torheim  
seksjonsleiar

Kathrine Njåstad Blaaflat

*Dokumentet er godkjent elektronisk og har difor ingen handskrivne signaturar.*

Kopi

STIAN RØSTENSKAR STRAND, VASSDALSVEGEN 6, 6963 DALE I SUNNFJORD



## Statens vegvesen

STIAN RØSTENSKAR STRAND  
VASSDALSVEN 6  
6963 DALE I SUNNFJOR

Behandlande eining:  
Region vest

Sakshandsamar/telefon:  
Linn Kathrin Bakke / 99427240

Vår referanse:  
18/203161-2

Dykkar referanse:

Vår dato:  
07.11.2018

### Fv. 393 – Avslag på søknad om ny avkøyrslø – gnr. 75 bnr. 10 – Fjaler kommune

Viser til søknad motteke 13.09.2018 og synfaring den 23.10.2018.

#### Vedtaket

Med heimel i veglova [§ 40](#) avslår vi søknaden om flytting av avkøyrslø frå fv. 63 HP 1 km 0,055 til eigedom med gnr. 75 bnr. 10 i Fjaler kommune.

#### Bakgrunnen for vedtaket

Statens vegvesen skal i vurderinga legge vekt på framkomme og trafikktryggleik på vegen det er søkt om avkøyrslø frå.

Vi har vurdert søknaden og komme fram til at vi ikkje kan godkjenne flytting av avkøyrslø.

Ny avkøyrslø er søkt etablert om lag 30 meter søraust for eksisterande avkøyrslø, som eventuelt ville blitt stengt eller fjerna ved etablering av ny avkøyrslø. Bakgrunnen for søknaden er at eigar må ryggje ut att i fylkesvegen og ta fart for å kome seg opp avkøyrslø når det er glatt, og difor ynskjer ei ny avkøyrslø der dette ikkje vert naudsynt.

Under oppmåling på staden kom vi fram til at dersom ein stod i vegkanten der omsøkt avkøyrslø er ynskt plassert, kan kome opp mot 60 meters sikt i retning Steiestøl. Dersom ein derimot skal måle sikt frå fire meter inn i avkøyrslø, slik krava er, vert denne sikta kortare.

I vurderinga har vi teke omsyn til at fartsnivået mest truleg er lågare enn fartsgrensa, og at farta når dei passerer avkøyrslø truleg er lågast for dei køyretøya som kjem frå fv. 57. Bakgrunnen for dette er at dei køyrande som kjem frå fv. 57, akkurat har teke av i krysset mellom fv. 57 og fv. 393. Sjølv om vi har teke utgangspunkt i at farta truleg er lågare enn fartsgrensa som er generell fartsgrense 80 km/t, vert sikta i omsøkt avkøyrslø for kort i forhold til siktkrava. Ny avkøyrslø er ynskt plassert nærare ein sving, slik at sikt oppover i

Postadresse  
Statens vegvesen  
Region vest  
Postboks 43  
6861 LEIKANGER

Telefon: 22 07 30 00  
firmapost-vest@vegvesen.no  
Org.nr: 971032081

Kontoradresse  
Sanderplassen 6  
6800 FØRDE

Fakturaadresse  
Statens vegvesen  
Regnskap  
Postboks 702  
9815 Vadsø

retning Steiestøl vert vesentleg korta ned. Her er det bygningar og infrastruktur som gjer det utfordrande med tanke på moglegheitene for å betre sikta. Eksisterande avkøyrsla har bort i mot tilstrekkeleg sikt oppover mot Steiestøl, men for kort sikt mot krysset med fv. 57. Som nemnt er farta truleg lågast i denne retninga, og slik vi ser det er det difor betre at sikta er for kort i denne retninga i staden for motsett.

Det er heller ikkje ynskeleg med avkøyrslar rett ved sidan av kvarandre. Bakgrunnen for dette er blant anna at området med mange avkøyrslar rett ved sidan av kvarandre vert utflytande og hovudvegen, som i dette tilfelle er fv. 393, vert mindre tydeleg. Vi vurderte difor om det kan vere ein moglegheit å slå saman avkøyrsla med eksisterande avkøyrsla til nabo sin garasje på gnr. 101 bnr. 177. Sikta vil då verte enda kortarte i retning Steiestøl, noko som gjorde at vi såg bort frå dette som eit alternativ.

Slik vi ser det, vil ny avkøyrsla med tanke på sikt vere ei mindre god avkøyrsla heile året medan eksisterande avkøyrsla er mindre god hovudsakleg berre når det er glatt.

### **Rett til å klage**

Ein kan klage på vedtaket, jf. forvaltningslova § 28. Informasjon om å sette fram klage, går fram av skjemaet [«klage på forvaltningsvedtak»](#). Fristen for å klage er tre veker frå vedtaket vart motteke. Klageinstansen er fylkeskommunen. Send klagen til Statens vegvesen Region vest postboks 43, 6861 Leikanger eller til firmapost-vest@vegvesen.no, som vil sende klagen vidare til klageinstansen.

Vegavdeling Sogn og Fjordane  
Med helsing

Vigdis Lobenz  
Seksjonsleiar

Linn Kathrin Bakke

*Dokumentet er godkjent elektronisk og har difor ingen handskrivne signaturar.*

### **Vedlegg**

Veglova [§ 40](#)  
Klage på forvaltningsvedtak

## Vegloven (lov 1963–06–21 nr. 23) § 40

Avkjørsle frå offentleg veg må berre byggast eller nyttast etter reguleringsplan eller arealdel av kommuneplan etter plan- og bygningsloven.

Ligg det ikkje føre nokon reguleringsplan som nemnd, eller planen ikkje omfattar avkjørsle må avkjørsle frå riksveg eller fylkesveg ikkje byggast eller nyttast utan løyve frå regionvegkontoret og avkjørsle frå kommunal veg ikkje byggast eller nyttast utan løyve frå kommunen.

Regionvegkontoret kan krevje at avkjørsle frå riksveg eller fylkesveg skal byggast etter ein plan det godkjenner. Kommunen kan krevje at avkjørsle frå kommunal veg skal byggast etter ein plan den godkjenner.

Er arbeidet med avkjørsle ikkje sett i gang innan 3 år etter at løyve er gitt, fell løyvet bort.

<b>(1)</b> Avsender (forvaltningsorganets stempel)	<b>Melding om rett til å klage over forvaltningsvedtak</b> (Forvaltningsloven § 27 tredje ledd)
<b>(3)</b> Mottaker (navn og adresse)	
	<b>(4)</b> Klageinstans
<p><b>Denne meldingen gir viktige opplysninger hvis De ønsker å klage over vedtak De har fått underretning om.</b></p>	
<b>Klagerett</b>	De har rett til å klage over vedtaket.
<b>Hvem kan De klage til?</b>	Klagen sender De til oss, dvs. det organet som er ført opp i rubrikk <b>(1)</b> . Hvis vi ikke tar klagen til følge, sender vi den til klageinstansen, jf. rubrikk <b>(4)</b> .
<b>Klagefrist</b>	Klagefristen er tre - 3 - uker fra den dag De mottar dette brevet. Det er tilstrekkelig at klagen er postlagt før fristen går ut. Dersom De klager så sent at det kan være uklart for oss om De har klaget i rett tid, bør De oppgi datoen for når De mottok dette brevet. Dersom De klager for sent, kan vi se bort fra klagen. De kan søke om å få forlenget fristen, og da må De oppgi årsaken til at De ønsker det.
<b>Rett til å kreve begrunnelse</b>	Dersom De mener vi ikke har begrunnet vedtaket vårt, kan De kreve en slik begrunnelse før fristen går ut. Ny klagefrist blir da regnet fra den dagen De mottar begrunnelsen.
<b>Innholdet i klagen</b>	De må presisere <ul style="list-style-type: none"> <li>– hvilket vedtak De klager over</li> <li>– årsaken til at De klager</li> <li>– den eller de endringer som De ønsker</li> <li>– eventuelt andre opplysninger som kan ha betydning for vurderingen av klagen</li> </ul> Klagen må undertegnes.
<b>Utsetting av gjennomføringen av vedtaket</b>	Selv om De har klagerett, kan vedtaket vanligvis gjennomføres straks. De kan imidlertid søke om å få utsatt gjennomføringen av vedtaket til klagefristen er ute eller til klagen er avgjort.
<b>Rett til å se saksdokumentene og til å kreve veiledning</b>	Med visse begrensninger har De rett til å se dokumentene i saken. Reglene om dette finnes i forvaltningsloven § 18 og § 19. De må i tilfelle ta kontakt med oss, jf. rubrikk <b>(1)</b> . De vil da få nærmere veiledning om adgangen til å klage, om framgangsmåten og om reglene for saksbehandlingen.
<b>Kostnader ved klagesaken</b>	De kan søke om å få dekket utgifter til nødvendig advokathjelp etter reglene om fritt rettsråd. Vanligvis gjelder visse inntekts- og formuesgrenser. Fylkesmannen eller Deres advokat kan gi nærmere opplysninger om dette. Hvis vedtaket er blitt endret til Deres fordel, kan De etter forvaltningsloven ha krav på å få dekket vesentlige kostnader som har vært nødvendige for å få endret vedtaket. Klageinstansen (jf. rubrikk <b>(4)</b> ) vil orientere Dem om retten til å kreve slik dekning.
<b>Klage til Sivilombudsmannen</b>	Hvis De mener at De har vært utsatt for urett fra den offentlige forvaltnings side, kan De klage til Stortingets ombudsmann for forvaltningen (Sivilombudsmannen). Sivilombudsmannen kan ikke selv endre vedtaket, men kan gi sin vurdering av hvordan den offentlige forvaltning har behandlet saken, og om det er gjort eventuelle feil eller forsømmelser. Dette gjelder likevel ikke i saker som er avgjort av Kongen i statsråd. Dersom De nå får Deres klage avgjort i statsråd fordi Kongen er klageinstans, kan De derfor ikke senere bringe saken inn for Sivilombudsmannen.
Særlige opplysninger	

**From:** Stian Røstenskar Strand <Stian.r.strand@gmail.com>  
**Sent:** 13. september 2018 14:22  
**To:** Firmapost-Vest  
**Subject:** Søknad om avkjørsel eller dispensasjon fra byggegrenser, 153684812420143970956196030264  
**Attachments:** Bygge om utkjørsel.PNG; Bygge om utkjørsel..PNG

Hei,

Statens vegvesen har mottatt en søknad om avkjørsel eller dispensasjon fra byggegrenser.

Søknadens ID: **153684812420143970956196030264**

## **Steg 1 av 6**

### **Søknaden gjelder for**

Meg selv

### **Har den du søker for gitt samtykke?**

Ikke relevant

### **Personen som det søkes for:**

Stian Røstenskar Strand

## **Steg 2 av 6**

### **Type veg:**

Fylkesveg

### **Vegnummer:**

Fv393

### **Kommune:**

Fjaler

### **Fylke:**

Sogn og Fjordane

### **Regionens epost:**

vest

### **Gnr:**

75

### **Bnr:**

10



**Festenr:**

0

**Arealformål:**

LNF - Området.

**Regulert område?**

nei

**Detaljkart:**

Bygge om utkjørsel..PNG

Bygge om utkjørsel.PNG

## Steg 3 av 6

**Søkes det om avkjørsel:**

ja

**Søknad om avkjørsel:**

Ny avkjørsel

**Søkes det om dispensasjon fra byggegrenser:**

nei

**Søknad om dispensasjon fra byggegrenser:**

Ikke relevant

**Annet:**

Ikke relevant

**Minste avstand fra nærmeste punkt på bygget til midten av vegen:**

Ikke relevant

## Steg 4 av 6

**Begrunnelse:**

Søker ombygging av innkjørsel på grunnlag av dårlig tilkomst på vintersdagen grunnet to innkjørselvinkler som sinker farten og gjer til at ein må rygge ut igjen i vegen. samtidig er det en ganske bratt bakke opp til huset.

Det eksempelet som eg har lasta opp, ser eg som ei god løysing på dette problemet.

Vi må uansett bort til hjørnet av den "nye" utkjørsla for å hente posten, då må vi snu bilen og får ein fin vinkel opp på tunet.

samtidig vil vi lage utkjørsla så brei at vi får ei tilstrekkelig vinkel inn i vegen at begge retninger for å gjere utkøyringa tryggast mogleg.

**Begrunnelse vedlegg:**

Ingen filer vedlagt

## **Steg 5 av 6**

**Navn:**

Stian Røstenskar Strand

**Adresse:**

Vassdalssvegen 6

**Telefon:**

41448294


**E-post:**

Stian.r.strand@gmail.com

## **Steg 6 av 6**

Søkeren har godkjent at alle opplysningene er riktige. (ja)

Mvh, Kommunikasjonsstaben, webteamet



Total: 6,25 m

Eg vil med dette klage på vedtaket som er gjort på min søknad om etablering av ny avkjørsle til FV.393. Gnr 75, Bnr, 10

Det er komme fram nye faktorer som gjer den eksisterande innkjørsla lite egna i forhold til køyreforholda. Ei ny innkjørsel vil halvere stigningsgraden på den eksisterande innkjørsla, Den eksisterande er i dag på ca 20 % frå hovudveg opp til tun.

Den generelle fartsgrensa på denne vegen er 80 km/t. men den reelle farten er betydeleg lågare enn dette, vil påstå og sei at maksfart på denne vegen er enn plass mellom 45-55 km/t. Siktsona vil då kunne vere ein del mindre.


Det kjem fram i avslagsbrevet at eksisterande avkjørser er hovudsakleg størst problematisk på vinterhalvåret. Dette meina eg er feil, då ved høg regnføring og dårleg ver, skaper problem også på sommar halvåret. Samtidig renn det vatn frå avkjørsla direkte ut i FV.393, både sommar og vinter.

Den nye avkjørsla vil skape betre tilkomst til tun og hus, samt den vil bli bygget etter dagens standard med helning frå vegskulder og vekk frå veg og ned i kum.

Har vert i samtale med nabo, og nabo har sagt seg villig til å flytte, gjere enkle endringer med eigedommen sin for å betre siktsona for vår del.

Vi har og vurdert å plassere innkjørsla lenger nordover til vi treff siktsona 70,7m mot Steiestøl og 92,5 mot RV,57. sjå side.2 for bilde.

Dette vil i utgangspunktet ikkje få noko store konsekvensar på eksisterande skisser.



91.4 m

6.2 m

58.5 m

